

STATSBUDSJETTET FOR 2010 – KULTURSKOLENE.

Post 71 Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane

Om ordninga

Målet med tilskottsordninga er å medverke til å utvikle musikk- og kulturskoletilbodet i kommunane ved å stimulere til aktivitet og utvikling av gode modellar for innhald, organisering og samarbeid lokalt. Tilskottsmottakar er Norsk kulturskoleråd, og målgruppa er musikk- og kulturskolar som gjennomfører prosjekt for å utvikle musikk- og kulturskoletilbodet i kommunane.

Rapport for 2008–09

I 2008 vart det gitt tilskott til treårige regionale nettverksprogram som *Kreativt Oppvekstmiljø (KOM!)* og *Kulturskolefokus* i ti fylke fordelte på 131 kommunar. Andre tiltak var Kulturskoledagane på Hell med rundt 550 kulturskolelærarar og leiarar, IKT utviklings- og informasjonsarbeid, utvikling av eit leiarprogram for kulturskoleleiarar, Norsk Ungdomssymfoniorkester og Norsk Barnesymfoniorkester med til saman 165 ungdommar frå heile landet, fylkesutstillingar og workshops innanfor visuelle kunstfag, web-basert etterutdanningstilbod i musikkteknologi i samarbeid med Noregs musikkhøgskole, Ungdommens Musikkmeisterskap med 250 av landets fremste, unge utøvarar innanfor klassisk musikk. Utviklingsmidlane har også vorte brukte til fagkoordinatorar innanfor kunstfaga og arbeid med *Den kulturelle skolesekken*. Dei lokale utviklingsmidlane vart i 2008 fordelte til 31 kommunar etter søknad.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på **same nivå som i 2009**.

Tilskudd 2009: 9.121 mill kr.

Post 74 Tilskott til organisasjonar

Målet med tilskottsordninga er å stimulere offentlege og frivillige organisasjonar til å setje i verk tiltak, som på ulike måtar medverkar til kvalitetsutvikling og betre læringsmiljø, i opplæringa i tråd med strategiar og tiltak slik dei er formulerte i programkategori 07.20 og i kap. 226.

Disponeringa av tilskottet blir fastsett i departementet, ut frå føringar for løyvinga, faglege vurderingar og i høve til den totale løyvinga på posten.

Rapport for året og revisorattestert årsrekneskap skal kontrollerast for å vurdere om verksemda til organisasjonen er i samsvar med målsetjinga for tilskottordninga.

Rapport for 2008–09

I 2009 er det gitt tilskott til **Norsk kulturskoleråd**, Det norske hageselskap, Landslaget for nærmiljøskolen, Noregs Mållag, Rådet for folkemusikk og folkedans, Kristent Pedagogisk Forbund, Dissimilis kultur- og kompetansesenter, Norsk handverksutvikling, International Baccalaureate Organization, Elevorganisasjonen, Landslaget for norskundervisning, Friluftsrådets Landsforbund, Foreningen Norden, Magasinet og Pirion og Landslaget for fysisk fostring i skolen.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på **same nivå som i 2009**.

Tilskudd 2009: 6.431 mill kr.

Kulturaktivitetar i skolefritidsordninga (SFO)

Regjeringa foreslår å opprette eit øyremerkd stimuleringsstilskott til kulturskolar som ein del av Kulturløftet II. Ein del av midlane skal nyttast til modellforsøk der kommunar og organisasjonar skal kunne søkje midlar for å leggje til rette for eit mangfaldig kulturtilbod/kulturskoletilbod for elevar på 1.–4. trinn. Forsøka må sjåast i samanheng med Den kulturelle skolesekken.

Vidare skal kommunar, aktuelle organisasjonar og institusjonar kunne søkje midlar til utvikling av ulike prosjekt. Målet med desse tilskotta er å stimulere til å setje i verk tiltak som medverkar til kvalitetsutvikling av kulturtilbodet/kulturskoletilbodet til barn og unge. Dette kan til dømes vere forsøk med nye uttrykksformer, ny organisering av kulturaktiviteter og nye former for samarbeid med lokale kulturkrefter og kulturorganisasjonar.

Målet med begge ordningane er å gi eit kulturtilbod til langt fleire elevar. Modellforsøka skal ha som mål å leggje til rette for eit breitt, variert og mangfaldig kulturtilbod/kulturskoletilbod på 1.–4. trinn. Tilboda skal være gruppebaserte. Ordninga kan også bidra til auka interesse for å delta i andre musikk- og kulturskoletilbod i kommunane.

Utdanningsdirektoratet vil utforme kriterium for tildeling av midlane. Bruken av midlane skal evaluerast.

Avsatt beløp 2010: 40 mill kr.